

Veke 39 og 40

Informasjon til heimen:

Veke 39

Mat og helse: 5B

Tysdag: Heile trinnet blir med på eit opplegg i Sandtangen. Vi går ned i første økt, og ser litt an kor lang tid det tar.

For meir info: www.kongle.skogselskapet.no

Veke 40

Mat og helse: 5B

Fredag: 5A, 5B og 5C har leiketime siste time på fredag. Ein kan ta med ei leike eller eit brettspil til denne timen.

Generell informasjon

Mat og helse: 5B har mat og helse på torsdagar. Hugs forkle, innesko og strikk i håret dersom ein har langt hår. Gym går ut i denne perioden for klassen, då gymtimen kolliderer.

Kunst og handverk: 5D held fram med å sy forkle. Me set framleis pris på all hjelp me kan få. Send melding til Mari eller Thomas dersom du, eller andre de kjenner kan hjelpa til ein eller fleire måndagar. Tidspunktet er frå 08:30-10:55.

Veke 41 er haustferie. Første skuledag etter ferien er måndag 12. oktober

Helsing Ola, Inger, Vilde, Thomas, Helena, Mari, Nina og Khoshin.

Foreldrekontaktar:

A- Marie Ree Straumland B- Dag Vaaland
C- Maiken Salte Hansen D- Elin Nærland

FAU: Linn Hartvedt

Telefon: 93 44 27 76. Ta kontakt med Linn om det er noko du vil skal bli tatt opp i FAU.

Fagleg fokus	
Norsk	Forklara kva som kjenneteiknar vitsar og gåter. Bruka replikkstrek og sitatteikn.
Matematikk	Likeverdige brøkar.
English	Bøya verba to finish og to like Forstå og bruke dei uregelrette verba to have og to be.
Sosialt	God skulestart og venner. Alle elevar opplever å høyra til og vera ein del av eit fellesskap.

Lekser veke 39	
Måndag	Vennegruppe: Leksefri
Tysdag	Engelsk: Øv på have/has og is/are på elevkanalen . Sjå filmen, og gjer Quiz. Link ligg i Showbie - lekser Øv på glosene: She has a car - ho har ein bil We like music - me liker musikk 5A: Pakk gymklede
Onsdag	Matematikk: Gjer leksearket som ligg på showbie. Skriv i grønn skrivebok.
Torsdag	Norsk: Les s. 52-53 i Salto høgt for ein vaksen heime. Skriv forklaring på desse orda: <i>vits, ordspel</i> og <i>å overdrive</i> . Skriv i norsk skrivebok. 5C og 5D: Pakk gymklede

Lekser veke 40	
Måndag	Norsk: Les teksten på arbeidsarket som ligg i lekseheftet. Svar på spørsmåla på baksida.
Tysdag	Engelsk: Lytt til teksten på s. 23-24 i Explore. Les s. 23 høgt for ein vaksen. Øv på glosene: your – din up – opp school – skule playground - skulegard 5A: Pakk gymklede
Onsdag	Matematikk: Gjer leksearket som ligg på showbie. Skriv i grønn skrivebok.
Torsdag	Norsk: Les teksten på arbeidsarket som ligg i lekseheftet. Svar på spørsmåla på baksida. 5C og 5D: Pakk gymklede